

Møte i Gulen kommunestyre

Møte i Gulasalen på kommunehuset
torsdag 24.04.2008 kl. 10.00

SAKER:

- 20/08 EVALUERING AV STRATEGIPLANEN FOR OMSORG
- 21/08 OPPRETNING AV NAV KONTOR
- 22/08 RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR GULEN KOMMUNE
- 23/08 LØYVE TIL SKJENKING AV ALKOHOL I PERIODEN 2008-2011
- 24/08 SØKNAD OM SKJENKELØYVE – GULE HUSET AS, DALSYRA
- 25/08 BEHOV FOR AUKA STILLINGSRAMME EIVINDVIK BARNEHAGE
- 26/08 KOMMUNAL KOMPETANSEPLAN 2008-2009 – SKULE OG BARNEHAGE
- 27/08 AUKA TIMETAL I GRUNNSKULEN FRÅ 01.08.08 - ORGANISERING
- 28/08 SØKNAD OM KOMMUNAL OVERTAKING – ÅNNELAND VASSVERK A/L

Endeleg sakliste og sakstilfang ligg til gjennomsyn hjå ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset og på internett: www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet. Møte er oppe for publikum. Alle er velkomne.

Eivindvik 11.04.08
Trude Brosvik
Ordførar

Vårhelsing!

Kjenner du kor det kriblar etter å få kome ut? På tur eller i hagen? Våren gjer det mest utrulege med oss. Det er nesten som om vi er den vesle blomen som pressar seg opp og fram, ristar av seg snøen, opnar seg mot sola og NYT det!!

Ja, så poetisk og glad kan ein bli etter to dagar med sol! Regnrekordar til tross; Gulen er jammen ein flott plass.

Flott er det også å sjå og lese om alt ungdomane våre får til. Sist helg var det UKM i Førde med flotte representantar frå Gulen! På Byrknesøy har koret og korpset hatt fellesarrangement med både norsk og afrikansk musikk, det er laga filmklubb i Ytre Gulen og neste helg er det korpsmeisterskap i fylket, der vi har med to svært gode kandidatar. (Når dette kjem ut, så veit vi resultatet. Tippa det er godt!)


Og meir moro blir det framover; I Brekke er bygdekvinnelaget i full gang med å planlegge hovedarrangementet for markeringa av Henrik Wergeland sitt 200 års jubileum. Det blir på Verkland 17. juni. Så sett av dagen allereie!

Politisk vil det bli mange krevjande saker framover. Nokre for å få drifta i samsvar med det vi har å drive for, nokre for korleis inntektene kan aukast. Som de ser i lokalavisene er det mange nabokommunar som har same utfordringa og som lurar på å innføre eigedomsskatt. I Gulen har vi gjort vedtak om det, men eit innbyggjarinitiativ med over 1000 underskrifter gjer at saka kjem opp på nytt. Det skjer i samband med rullering av økonomiplanen i juni. Arealplanen er under arbeid, og her vil det bli kunngjort folkemøter når vi kjem litt lenger fram. Følg med og engasjer deg: Det er i lag vi kan finne dei beste løysingane! Ikkje kvi deg for å ta kontakt med underteikna eller nokon av dei andre i kommunestyret. God vår!!



Gladmelding!

Sosial- og barnevernstenesta er så heldige.... Silje Oppedal har valt å flytte heim att til vakre Gulen, og byrja å arbeide med oss som



barnevernskonsulent i 100% stilling frå mars.

Ny rådmann: Martin W. Kulild



Kulild (44) starta som rådmann i Gulen medio mars d.å. Han kjem frå stilling som kommunalsjef i Osterøy kommune og har utdanning tilsvarande mastergrad i leiing og administrasjon /økonomi.

Etter ei kort "bli kjend" periode vil rådmannen særleg prioritere to område: Økonomistyring knytt til helse- og omsorgssektoren, og oppfølging av dei tilsette i heile kommunen. Det store sjukefråveret uroar den nye rådmannen, og saman med dei tilsette og deira tillitsvalgte, vil han forsøke å finne løysingar som betrar denne situasjonen. Folk med gode forslag til løysingar, er velkomne til å ta kontakt! (Sjå telefonlista på siste side.) Han avsluttar med å seie at det skal vere interessant og triveleg å arbeide i Gulen kommune.

Ferie - vikarar	Kva skjer i Gulen ?	Ny tlf. liste kommunehuset
Side 3	Side 4	Siste side

Forbod MOT bruk av eld utandørs



Det er forbod mot brenning i nærleiken av skog- og utmark, *i perioden 15. april til 15. september*, utan løyve frå brannsjefen.

Det er òg eit generelt forbod mot å gjere opp eld utandørs under slike tilhøve, eller på ein slik måte at det kan føre til brann.

- Brannsjefen -



Helseplager etter Vest Tank-ulykka i Sløvåg mai '07

Det er sett ned ei prosjektgruppe som skal kartlegge helseplager etter Vest Tank-ulykka i Sløvåg. Denne gruppa er det fylkeslegane i Sogn og Fjordane og Hordaland, og kommunane Masfjorden og Gulen, som har sett saman.

I samband med dette ynskjer me at dei som har fått helseplager i etterkant av ulykka tek kontakt, slik at me får det med i rapporten.

Me oppfordrar vidare dei som ikkje har svart på utsendt spørreskjema om å svare innan 18. april, for å få ein så nøyaktig rapport som mogleg.

Kontaktpersonar:

Dr. Tommy Norman, tlf: 41 41 04 92

Sj.pleiar Therese Kjelby Asheim, tlf: 41 20 06 24

Flott UKM-opplegg i Førde!

Mønstringa i Førde gjekk veldig godt, med god framføring av rockegruppa AKT (Alexander Virkesdal, Kristine Kjelby Johansen og Torstein Virkesdal). Ida K.R. Brekken gjorde det også bra, og teikninga til Lina Haveland vart synt fram. FylkesUKM vart eit kjempeflott arrangement, og det var veldig bra med direkte nettverksdekning av alle konsertane.

Alt ligg i opptak. Sjå UKM-konsert i Førde AKT: <http://www1.nrk.no/nett-tv/indeks/127802>

Kanskje det er ein god idé at unge Gulen-talent byrjar å planlegge neste års UKM allereie no?

Jørgen Virkesdal
Anne-K. Misje

"Rusfri russ"



April og mai er tida for russefest og moro! Det er viktig at ungdomane våre får det nettopp moro i denne tida, og at dei har gode minne med seg frå avslutninga av 10 års skulegang i Gulen. Nokon trur diverre at det blir meir moro viss ein rusar seg. Og nokon trur endåtil at alkohol og russetid høyrer saman.

Gulen kommune og Lensmannen har eit samarbeid for å førebygge ungdomskriminalitet og rus.



Ein del av det er at rusen (og andre deltakarar på russefesten) som er edrue (politiet stiller med alkometer ut på kvelden), er med i ei trekning om ein bærbar PC. Næringslivet sponsar PC-ane, og det er ei trekning for russefesten og ei for natt til 17. mai. Dette gjer vi for å ha fokus på at ein ikkje skal bruke russetida som debut for alkohol, og for å gje dei som ikkje ønskjer å drikke ein svært god "unnskyldning" for å seie nei. Ideelt sett skulle ein ikkje trenge ein slik unnskyldning, for aldersgrensa for alkohol er jo 18 år. Men vi veit jo alle at det kan vere ganske stort gruppepress på dei unge.

Som foreldre er det viktig at de veit om dette, og at de hjelper ungdomen dykkar. Vi får kvart år høyre at enkelte foreldre sender med dei unge alkohol, "for då veit vi kva dei drikk". Det er heilt feil! For det første er du då ein langar og gjer ei ulovleg handling. For det andre har du slett ingen kontroll med kva dei drikk i tillegg til det du har sendt med.

SLT-gruppa oppmodar alle foreldre om å stille opp for ungdommen, vere med som tydelege vaksenpersonar og at vi alle gjer vårt for at det blir ei triveleg russetid!!

Dugnad i Eidsbotn barnehage

Me vil takke foreldre som stilte opp på dugnadshelg i barnehagen før påske. No er leikerommet malt lyst og det vart veldig fint.

Venleg helsing store og små i Eidsbotn barnehage.



Ferievikarar sommaren 2008

Vi treng fleire ferievikarar sommaren 2008 på:

- Gulen sjukeheim, kontaktperson
tlf. 57 78 16 01
- Dalsøyra bu- og omsorgssenter, kontaktperson
tlf. 57 78 31 84
- Eivindvik bu- og omsorgssenter, kontaktperson
tlf. 97 58 76 13
- Verna Bustad, Dalsøyra, kontaktperson
tlf. 57 78 32 88/48 00 11 26.


- Vi treng:
- sjukepleiarar/-studentar
 - hjelpepleiarar/-studentar
 - omsorgsarbeidarar
 - vernepleiarar/-studentar
 - miljøarbeidarar
 - assistentar til pleie/omsorg.

Søkjarar må oppgje ynskt arbeidsstad, i prioritert rekkefylgje dersom ein søker fleire stader, kva arbeid du ynskjer, tidsrommet du kan arbeide og oversyn over utdanning og praksis. Kommunen kan hjelpe til med rimelege husvære. Du er velkommen som sommarvikar i Gulen kommune!

Tilsetjing etter gjeldande lover, føresegner og avtalar.

Søknad med CV vert å sende til Gulen kommune, 5966 Eivindvik **innan 05.05.08.**

Gulatinget 23.-24. juni 2008



Det vert i desse dagar sendt ut invitasjon til aktuelle aktørar til årets Gulating.

Følg med i neste nummer av Infoposten for program og anna aktuell informasjon.

Har du spørsmål, ta kontakt med Anne-K. Misje på tlf. 57 78 20 06 eller på e-post til anne-karin.misje@gulen.kommune.no

Tusen takk for gåver!

Vil med dette takke alle som har støtta Dalsøyra bu- og omsorgssenter med gåver og pengar. Me er veldig takksame for det.

Mvh personale og bebuarar
v/ Dalsøyra bu- og omsorgssenter.



Endringar i trimpostane til Dalsøyra idrettslag.

Der er nye postar, nokre gamle er tekne vekk og nokre postar har fått ny poengsum. Sjå ny laminert plakat i glas og kassar etter 1.mai. Då skiftar me frå vinterbøker til sommarbøker. God tur!!!!



Hugs at dersom du er medlem, får du pokalen.
Helsing Dalsøyra idrettslag v/
fjelltrimgruppa.

Vårrydding i Gulen



Laurdag 19. april:

Byrknes, Brekke, Oppedal, Gulen nord for Leversund Bru.

Laurdag 26. april: Gulen sør for Leversund Bru.

Her kan du levere:

Metall, trevirke (både reint og trykkimpregnert), klede, isolerglass, møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk (EE) avfall som kuldemøblar, kvitevarer, støvsugarar, kablar og leidningar, panelomnar, armatur, el-handverktøy, PC'ar, musikkanlegg, hårtørkarar, mobiltelefonar, barbermaskiner mm.

I tillegg har kvar gjenbruksstasjon ein miljøstasjon for miljøfarleg avfall og mottak for glas- og metallemballasje.



Dette skjer i Gulen

Feiring av Barnehagedagen 2008:

Fredag 18.04.08 kl. 10-12.

Alle barnehagane i Gulen skal møtast og markere Barnehagedagen på Flolid, Gulatingsstaden. Det vert opning av dagen, ulike aktivitetar som skattejakt, tautrekking, songleikar og spikking, grilling og bålkos. Til slutt skal vi ha felles songkor. Håpar på fint vær og gler oss til ei koseleg stund på Flolid. Dersom forferdeleg vær, flytter vi det til ein anna dag.

Helsing Agnete, ped.leiar i Eivindvik Barnehage



Elieser 6 besøker Eivindvik:

Torsdag 24. april kl. 19.00.

Det vert tale, song og musikk. Lynutlodning og enkel servering. Sigmund Byrknes, Gjert Iversen og mannskapet deltek.

Alle er hjarteleg velkomne!



Dugnad på Gulen Kyrkjegard i Eivindvik:

Tysdag 6. mai frå kl. 15.00.

Vi kjem til å halde på ei god stund slik at ein kan kome når det måtte passe utover dagen og i kveldinga.


På dugnaden skal det rakast og ryddast, klippast og skjerast. Om du har reiskapar til slikt arbeid, er det fint om du tek det med.

Arr. Gulen Sokneråd



Songarstemna 2008:

Laurdag 31. mai og søndag 1. juni.
(sjå artikkel til høgre.)




17. juni 2008 vil vi feire at det er 200 år sidan Henrik Wergeland vart fødd.

På ættegarden Verkland er det ein bauta, og her vil vi markere dagen **frå kl. 16:00 og utover.**

Av programmet nemner vi kransenedleggjing, innslag av barnehage- og skuleborn, song og musikk. Det vert gratis fødselsdagkake til alle borna, elles sal av mellom anna grillmat.

Arr. Dalsgrend grendahus, Brekke bygdekvinnelag, Brekke barnehage og skule



Songarstemna 2008 i Gulen

Laurdag 31. mai og søndag 1. juni vert det songarstemne i Gulen med i alt 300 songarar, fordelt på 13 kor. Det er no 9 år sidan det vart arrangert songarstemne i Gulen. Like visst som våren kjem, har det vore stemne i fylket vårt. I år er stemneområdet utvida med Hordaland i sør og Sunnmøre i nord, slik at meir framande kor kan møtast og utveksle opplevingar og idear. I år vert det såleis med kor frå Strandebarne i sør til Stårheim i nord.

Dalsøyra Songkor og Brekke Mannskor er arrangørar, slik dei har vore 2 gonger tidlegare, i -91 og -99. På 80-talet samarbeidde desse kora i mange arrangement med Ludvik Kjellevoid som dirigent for båe kora. Kanskje hugsar me best kyrkjekonserten "Kom søndag".

Dei to hovudkonsertane laurdag og søndag vert på ettermiddagane i Risnehall i Brekke der Mannskoret alt i -91 laga eit amfiopplegg for tilhøyrarane. Det gjorde sitt til å betre akustikken, og konsertane vert no gjennomførde utan lydanlegg. Dertil vert det som sist ein friluftskonsert på Gulatingstaden kl. 11.00 på søndag – om veret tillet det. Vert det ruskever, flytter me det arrangementet til kyrkja i Eivindvik.

På laurdag vert det songartog/oppmarsj for alle kora m/faner. Toget går frå den gamle ferjekaien til skulen/Risnehall før konserten. Brekke skulemusikkorps og Dalsøyra skulemusikkorps skal spele i songartoget.

Laurdagskvelden vert det songarfest i Dalsøyra samfunnshus for heile songar-"familien". Her vert det ymse lokale kunstnarlege innslag medan den allsidige Ludvik Kjellevoid syter for musikk.

Denne songarhelga reknar me med at våren er komen langt inn i sommaren, og då vil bygdene våre ta seg ekstra fint ut om det veiftar flagg frå alle stenger desse to dagane.

Ikkje gløym flagget! Og velkomen alle! til 3 sjeldne konsertar!

- Dalsøyra Songkor og Brekke Mannskor -

Sal av annonseplass

Minner om at det er høve til å kjøpe annonseplass i den kommunale Infoposten. Her har du ein unik sjanse til å nå alle husstandar på ein enkel og grei måte.

Pris kr. 600 pr. halvside, kr. 1100 pr. side.

For annonseplass ta kontakt med ekspedisjonen tlf. 57782000, eller postmottak@gulen.kommune.no

Kystsogevekene 2008

Dei offisielle Kystsogevekene 2008 går i perioden 9. august - 14. september.

Den offisielle opninga vil gå føre seg på Bryggen i Bergen under arrangementet Tall Ships' Race Bergen 2008



Lokale arrangørar som planlegg arrangement i denne perioden kan melde frå til

Anne-Karin.Misje@gulen.kommune.no

Tilbod frå Kystsogevekene!

Stiftinga Kystsogevekene har avtaler med ei rekke artistar, skodespelarar og andre som kan tingast til reduserte prisar. Gå inn på Formidlingsbanken og sjå kva tilbod det vert høve til å tinge i år:

<http://www.kystsogevekene.no/Formidlingsbank.htm>.

Kan hende får du og ditt lag ein god idé til eit lokalt arrangement med innleigd teater, musikk eller anna underhaldning?

Med helsing Anne-Karin Misje - Kulturkonsulent

Til foreldre og omsorgspersonar i Gulen

YNSKJER DU Å FÅ EIT ENDÅ BETRE FORHOLD TIL BARNET DITT?

- Nysgjerrig på korleis du kan få eit endå betre samspel med barnet ditt?
- Interessert i korleis du kan støtte og hjelpe barnet ditt til ei best mogleg utvikling?
- Vil du vite korleis andre foreldre løyser vanlege utfordringar?

Bli med i gruppe for foreldre / omsorgspersonar!

I løpet av 2008, vil ei førebyggjande gruppe i Gulen kommune tilby rettleiing for omsorgspersonar med barn i alderen 0-18 år.

- Interessert?
- Ta kontakt med Gulen helsestasjon tlf. 57783808/57783830

Vil du vite meir? Sjå

www.bufetat.no/foreldreveiledning

Perlen av Velvære Hos Janne`s Fotklinikk

Har opning av klinikk

I Brekke
Lørdag 3 mai
Og Mandag 5 mai
Kl 10.00– 13.00

Presentasjon av produkter og behandlingsmulegheiter

Kom innom i bankbygget 2 etg
for ein hyggeleg prat

Gode opningstilbod

Kaffi og Kaker

For informasjon og timebestilling
Ring Janne Strandenes
95 82 26 37

Bustadhus på gard til leige frå 1. august



Huset ligg fint til i Breidvik, berre 100 m frå sjø.

Kontakt tlf. 57 78 46 26

Treng du råd om skogplanting eller vil du tinge planter?

Vend deg til Ron Overdevest,
tlf 97 67 46 54,
helst på torsdagar
eller på kveldstid.



Telefonliste for Gulen kommunehus april '08

Riv av og heng opp!

STILLING:	TLF.NR.	NAMN:	E-POST ADRESSE:
Gulen kommune	57782000 57782099	Gulen kommune Telefax	postmottak@gulen.kommune.no
RÅDMANNSAVDELINGA			
Rådmann	57782001	Martin W. Kulild	martin.kulild@gulen.kommune.no
Ordfører	57782002	Trude Brosvik	trude.brosvik@gulen.kommune.no
Assisterande rådmann	57782003	Harald Haugejorden	harald.haugejorden@gulen.kommune.no
Rådgjevar omsorg	57782004	Ingebjørg Søreide	ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no
Rådgjevar oppvekst	57782005	Kari Brekken	kari.brekken@gulen.kommune.no
Prosjekt Gulatinget / Kulturkonsulent	57782006	Anne-Karin Misje	anne-karin.misje@gulen.kommune.no
EKSPEDISJONSAVDELINGA			
Leiar /arkivleiar	57782011	Randi Wergeland	randi.wergeland@gulen.kommune.no
Sekretær	57782012	Randi A. Trædal	randi.tredal@gulen.kommune.no
Sekretær	57782012	Marianne Oppedal	marianne.oppedal@gulen.kommune.no
Sekretær	57782013	Torill Westervik	torill.westervik@gulen.kommune.no
SKATT- OG REKNESKAPSAVDELINGA			
Sekretær	57782067	Kristin Dingen	kristin.dingen@gulen.kommune.no
Sekretær	57782020	Beate Marie Horne	beate.horne@gulen.kommune.no
Leiar	57782021	Hall Midthun	hall.midthun@gulen.kommune.no
Kontrollør/konsulent - skatt	57782022	Hege Hjartholm	hege.hjartholm@gulen.kommune.no
Økonomi- og IT-konsulent	57782023	Hege-Beth Brosvik	hege-beth.brosvik@gulen.kommune.no
LØNN- OG PERSONALAVDELINGA			
Leiar	57782025	Harald Solevåg	harald.solevag@gulen.kommune.no
Sekretær løn	57782026	Björg Håvåg	bjorg.havag@gulen.kommune.no
Sekretær oppvekst	57782027	Inger Sognnes	inger.sognnes@gulen.kommune.no
Sekretær omsorg	57782028	Lill Irene Håvåg	lill.havag@gulen.kommune.no
DRIFT OG VEDLIKEHALD:			
Leiar	57782030	Geir Haveland	geir.haveland@gulen.kommune.no
Utearbeidar	57782031	Kjell O./ Ove U.	
PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK:			
Sekretær og saksbehandlar byggesak	57782040	Per Hellesund	per.hellesund@gulen.kommune.no
Leiar	57782041	Kjell A. Reigstad	kjell.reigstad@gulen.kommune.no
Avdelingsingeniør oppmåling	57782042	Rune Midtun	rune.midtun@gulen.kommune.no
Avdelingsingeniør VAR	57782043	Bjørn Atle Losnegård	bjornatle.losnegard@gulen.kommune.no
Saksbehandlar jordbruk og vilt	57782045	Mona Nyland Elnes	mona.elnes@gulen.kommune.no
Plankonsulent	57782046	Odd Rune Våge	odd.rune.vage@gulen.kommune.no
PPT:			
PPT-leiar	57782067	Herfinn Takle	herfinn.takle@gulen.kommune.no / gu.ppt@frisurf.no
SOSIAL OG BARNEVERN:			
Saksbehandlar	57782060	Aashild Rutledal	aashild.rutledal@gulen.kommune.no
Sosialeiar	57782061	Jane Hesjedal	jane.hesjedal@gulen.kommune.no
Barnevernskonsulent	57782062	Silje Oppedal	silje.oppedal@gulen.kommune.no
Saksbehandlar sosial og barnevern	57782063	Siv Hamn	siv.hamn@gulen.kommune.no
KYRKJEKONTORET:			
Kyrkjeverje	57782070	Rune Ziener	rune.ziener@gulen.kommune.no
Kontorassistent	57782070	Andrid Baarøy	andrid.baaroy@gulen.kommune.no
Prest	57782071	Jens Linde	sokneprest.gulen@gulen.kommune.no